

RETNINGSLINER OG VILKÅR FOR 3-ÅRIG GJERDEPROSJEKT I NORD-FRON

KOMMUNE 2024-2026

RETNINGSLINER

1. Nord-Fron kommune v/ landbrukskontoret gjennomfører eit 3-årig gjerdeprosjekt i perioden 2024-2026, for å få fjerna gamle og/eller «farlege» gjerde i inn- og utmark i kommunen.
2. For gjerde som blir fjerna og levert til Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR) i Kvam eller på Vinstra, kan ein søkje om å få utbetalt eit tilskott.
3. Det blir enten gjeve kr 20 per meter rydda nettinggjerde og kr 15 per meter piggtråd, eller kr 450 per time brukt til rydding. Timesats er aktuelt ved kronglete, vanskelege og/eller utilgjengelege gjerde. Det blir ikkje gjeve både timesats og kr per meter for same gjerde.
4. Gjerde som har ein funksjon for fleire brukarar kan ikkje fjernast. I slike tilfelle må nytt gjerde vere sett opp før utbetaling av tilskott.
5. I tilfelle der Mattilsynet gjev pålegg om fjerning av gjerde, blir dette prioritert i prosjektet.
6. Det blir ikkje gjeve tilskott til fjerning av gjerde som tilfredstiller krava i grannegjerdelova. Definisjon jf. grannegjerdelova §15: *Er det jordbruks- eller skogbrukseigedom på ei av sidene, skal gjerdet vera minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett, at det fredar mot hest, naut og sau.*
7. Mengde innlevert nettinggjerde blir berekna per kubikk. Prosjektet vurderer at 100 meter nettinggjerde utgjer 1 kubikk med samanrulla gammalt gjerde. Mengde piggtråd blir avgjort i samråd med den som leverer og blir anslege i meter.
8. Strømband og anna øydelagt gjerdemateriell som ikkje er av metall kan leverast separat. Normalt må ein betale for slikt avfall, men dette er kostnadsfritt for den som leverer via prosjektet. MGR fakturerer prosjektet for dette.
9. **Alle tiltak skal førehandsvarslast til landbrukskontoret på telefon 612 16 190.** Dette for gjennomgang av omfang og kostnadsramme. Tilskott utbetalast fortløpende til prosjektmidla er brukt opp.

10. Tilskottet blir utbetalt til oppgjeve kontonummer etter innsendt søknad om utbetaling. Søknaden sendast inn gjennom eit digitalt skjema på www.nord-fron.kommune.no
11. **Utbetaling av tilskott per meter fjerna og rydda gjerde** blir gjort på følgjande måte:
 - Metallgjerde (t.d. nettinggjerde eller piggtråd) leverast til Kvam eller Vinstra miljøstasjonar.
 - Følgjande sendast til Nord-Fron kommune gjennom digitalt skjema:
 - Kart kor nedteke gjerde er innteikna, med avmerking kor bileta er teke.
 - Bilete før og etter gjerde er fjerna.
 - Kvittering frå MGR.
12. **Utbetaling av tilskott per time** blir gjort på følgjande måte:
 - Metallgjerde (t.d. nettinggjerde eller piggtråd) leverast til Kvam eller Vinstra miljøstasjonar.
 - Følgjande sendast til Nord-Fron kommune gjennom digitalt skjema:
 - Kart kor nedteke gjerde er innteikna, med avmerking kor bileta er teke.
 - Bilete før og etter gjerde er fjerna.
 - Timeliste.
 - Kvittering frå MGR.

VILKÅR

1. Den som leverer inn gjerde og gjerdemateriell som ein del av prosjektet, må gje beskjed på miljøstasjonen om dette ved levering.
2. Alt som leverast av metallgjerde (nettinggjerde, piggtråd mm.) skal vere «reint» metall. Stolperestar, innvokste tre og gras skal fjernast før levering. Er det ikkje reint vil det bli avvist eller at leverandør må betale for levering etter fastsette satsar for usortert avfall.
3. Dei som skal fjerne og rydde gjerde på annan manns grunn eller eigedom, må ha skriftleg fullmakt frå grunneigar.
4. Det blir gjeve tilskott for alle type metallgjerde. Tilskott for fjerning og rydding av gjerde er avgrensa til Nord-Fron kommune. Utbetalingsanmodning må vere innsendt innan 15.oktober.